

Årsmelding frå styret i Fritt Norden Norge

Frå 24.2. 2018 til 28.3. 2019

Styret i 2018

blei valt på årsmøtet 24.2. 2018, og har bestått av:

Leiar: Knut Vadla (attvald), fram til 10.08. 2018, deretter styremedlem

Leiar frå 10.08. 2018: Kim Runar Gjelstenli (styremedlem fram til 10.08.)

Sekretær: Edvard Mogstad

Styremedlemmer: Gunnar Ottne

Gullbjørg Røisli

Varamedlem: Ellen Marie Andersen

Rekneskapsfører: Svein Lanser fram til 10.08. 2018, Siri Lill Thowsen frå 10.08.

Ny valkomite: Ellen Marie Andersen

Revisor: Nils Martin Aslaksen

Alle vart samrøystes valde.

Styret fekk fullmakt til å supplere styret med vararepresentantar og medlemmer til

valkomiteen, attåt arbeidsutval og kontaktpersonar. Hausten 2018 blei styret supplert med

varamedlem Siri Lill Thowsen, og valkomiteen blei supplert med Mari Haaland og Gullbjørg

Røisli. Styret har til saman halde 7 møte. I tillegg har eit utvida styre hatt drøftingsmøte og

dugnader.

Folkeriksdagen 2018

vart halden på Neiden i Sør-Varanger 3. til 6. august 2018. Mykje av arbeidet vårt i 2018 har dreia seg om denne folkeriksdagen, med mykje for- og etterarbeid.

Gunnar Ottne reiste fleire gonger til Finnmark og drøfta folkeriksdagen med

sentrale folk som ordførar Rune Rafaelsen, brytetrenar Willy Bangsund,

hotellverten på Neiden, Mikael Arvola og fleire andre. 30 deltakarar og

føredragshaldarar deltok. Føredraga var av høgste kvalitet, frå dei beste det gjekk an å få tak i i fylket. (Sjå elles rapporten frå riksdagen som skal sendast ut

seinare.) Edvard tok seg av sambandet med Finnmark Nei til EU, som var formell medarrangør. Det førte til at riksdagen var annonsert på heimesida til Nei til EU.

Det blei tatt videoopptak av alle føredraga, som vi har på minnepinnar.

Frit Norden-bladet

Frit Norden 2/2018 inneheldt referat av to av føredraga frå folkeriksdagen i Neiden, og vart trykt opp på trykkeriet til Bevegelsen for Sosialisme på Roa.

Heimesida

Nils Martin Aslaksen har vore teknisk redaktør av heimesida www.frittnorden.no.

Facebook

Siri Lill har administrert «fjesboksida», som har i underkant av 500 medlemmer. [Vi oppmodar medlemmene til å vera aktive på sida og å skrive innlegg.]

Økonomi

Fritt Norden Norge får ikkje økonomisk støtte til drift, og økonomien vår er stram. Medlemskontingenten i 2017 var 250 kroner, nedsett til 200 for studentar og pensjonistar.

Folkeriksdagen 2019

Skal haldast på folkehøgskulen i Ljungskile i Uddevalla kommune, 1.-4. august. Folkeriksdagen 2019 skal mellom anna handle om FNs bærekraftsmål "Ansvarlig forbruk og produksjon", og temaet er "Småbrukarnas roll i framtidens nordiske livsmedelforsørjing".

Vi har deltatt på tre nordiske planleggingsmøte for dette føremålet; eitt i Stockholm 20. oktober 2018, eitt i Oslo 20. januar 2019 og eitt i Kjøbenhavn 23. og 24. mars. I Stockholm deltok Kim Runar, Edvard, Gunilla og Jesper. I Oslo deltok Jesper, Gunilla, Kim Runar, Edvard og Knut Vadla. I Kjøbenhavn deltok Gunnar, Jesper og Gunilla.

Styret i Fritt Norden Norge

28.03.2019